

SULA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

30.04.2015

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 30.04.2015 kl. 13.00 på
kontrollutvalsekretariatet sine lokalar**

SAKLISTE:

- Sak 07/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 17. mars 2015
- « 08/15 - Årsmelding 2014 – Sula kommune
- « 09/15 - Kommunerekneskapen 2014 – Sula kommune
- « 10/15 - Tomt ved Kirkekrysset
- « 11/15 - Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om byggesaker
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Jim Arve Røssevoll
leiar
(sign.)

MØTEBOK

Møtedato: 17.03. 2015, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Jim Arve Røssevoll

Elles til stades:

Marianne Molvær Nygård, Svein Værnes og Gunvor Reistad Aannø

= **4 voterande**

Jan Arild Lied hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møte: Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte: Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sula kommune møte avdelingsleiar Terje Havnegjerde

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det vart meldt inn to saker under eventuelt.

SAK 01/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 28. OKTOBER 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 28. oktober 2014 blir godkjent.

SAK 02/15

ORIENTERING OM STATUS I BYGGEPROSJEKT – MÅSEIDE BARNEHAGE

Avdelingsleiar Terje Havnegjerde ga ei orientering om status som følgje av konkurs hjå entreprenøren. Mellom anna kom følgjande fram:

- Utlysing av anbod var gjort i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser
- Kredittvurdering var gjort
- Skatteattest innhenta
- Var kjent med at underentreprenørar hadde ventetid på oppgjer
- Kontrakten var i samsvar med Norsk Standard med garantiar, fakturering i samsvar med framdrift
- Fakturaer vart ikkje betalt utan at tilsvarande arbeid var utført
- 10% av kontraktsum er avsett til dekking av meirkostnader
- Fullføringsgaranti ligg ikkje føre
- Formannskap og plan- og byggenemnda er orientert
- Nye anbod er laga

- **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 03/15

OM RUNDSKRIV DATERT 30.04.2015 FRÅ KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET OM FOLKEVALDE SI TEIEPLIKT VED LUKKING AV MØTE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.03.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet minner om dei nemnte rundskriva og føreset at desse er/blir innarbeidd i gjeldande reglement i kommunen.

SAK 04/15

STATUS FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL, JF. PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.03.2015.

Dagleg leiar i kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen orienterte. Han opplyste konkret at brev om selskapskontroll vil bli sendt ut.

Kontrollutvalet ga uttrykk for at ambisjonsnivået for omfanget av forvaltningsrevisjonar truleg var for høgt eller at ressursane som krevst var for små. Det vart gitt uttrykk for at plan for forvaltningsrevisjon måtte vere realistisk, og at det var ønskjeleg med meir forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om eit forprosjekt på forvaltningsrevisjon innan barnevernet

SAK 05/15

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM BYGGESAKER (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sit samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding på iverksetting av tiltak relatert til forvaltningsrevisjonsrapport om byggesaker slik som går fram av kommunestyresak 041/14.

SAK 06/15

TOMTA VED KYRKJEKRYSSSET

(Saka kom opp under eventuelt)

Det vart reist spørsmål om kommunen har rett til å få tomta tilbakeført.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretaristet blir bedt om å framskaffe avtalar til neste møte.

Jim Arve Røssevoll
leiar
(sign.)

Marianne Molvær Nygård
medlem
(sign.)

Svein Værnes
medlem
(sign.)

Gunnvor Reistad Aannø
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 27.04.2015

**SAK 08/15
ÅRSMELDING 2014 – SULA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2014 – Sula kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2014 for Sula kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 27.04.2015

**SAK 09/15
KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – SULA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2014 - Sula kommune
2. Sula kommune - kommunerekneskapen 2014

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

Sula kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Mari Ann Yndestad

Vår dato:
15.04.2015
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Sula kommune

KOMMUNEREKNESEKAPEN 2014 – SULA KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sula kommune som viser kr 414 812 605,47, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 7 699 563,47. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sula kommune per 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.



Kjetil Bjarnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 27.04.2015

**SAK 10/15
TOMT VED KIRKEKRYSSSET**

Som vedlegg følger:

- Vedtak i sak K-020/14 m.m.

Det vart i sak 06/15 reist spørsmål om kommunen har rett til å få tomta tilbakeført. Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak var at kontrollutvalsekretariatet skulle framskaffe avtalar til neste møte. Av vedtaket og kontrakten går det fram at det er gitt ein byggefrist på 3 år frå overtaking av eigedomen og at ved brot på fristen kan Sula kommune overta eigedomen til salspris justert for prisindeks.

Det blir ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar



RS Motor & Marine
v/ Runar Sæthre
Djupdalen 92
6030 LANGEVÅG

Vår ref.:
14/3028

Saksbeh.:
JV

Ark.:
611, &50

Dykkar ref.:

Dato:
27.02.2014

SØKNAD OM KJØP AV KOMMUNAL GRUNN - VEDTAK

Det er gjort vedtak i saka – sjå vedlagt saksframlegg.

Med helsing

John Vågnes
Saksbehandlar

Adresse:
Postboks 280
6039
LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh:
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:
postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
8647 10 92152
Skattekonto:
6345 06 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: John Vågnes
Arkivsaksnr.: 13/1604 - 9

Arkiv: 611, &50

GNR 102 BNR 14 - RUNAR SÆTHRE - KJØP AV KOMMUNAL GRUNN

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	25.02.2014	020/14
Kommunestyret	20.03.2014	020/14

Rådmannen si innstilling:

Søknaden frå RS Motor & Marine vert ikkje imøtekomen då kommunen ønskjer å ha arealet i reserve for framtidig bruk.

Behandling i Formannskapet 04.02.2014

Geir Ove Vegsund (H) sette fram forslag om å utsette saka, og å be rådmannen avklara dei juridiske forholda rundt ein eventuell forkjøpsrett og direkte sal av eigedom utan open utlysing.

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedtatt.

F-012/14 Vedtak:

Saka vart utsett. Rådmannen skal avklare dei juridiske forholda rundt forkjøpsrett og direkte sal av eigedom utan open utlysing.

Behandling i Formannskapet 25.02.2014

Rådmannen orienterte frå dei innhenta juridiske råda (lagt til som vedlegg i saka), som tilseier at kommunen kan selje eigedomen med forkjøpsrett, gitt at ein oppfyller ESAs prosedyrekrav til førehandvis fastsett objektiv takst.

Liv Kjersti Finholt (V) sette fram slikt forslag til tilråding:

«Kommunestyret kjem søknaden frå RS Motor & Marine i møte, og vedtar å selje omsøkt eigedom til førehandvis fastsett objektiv takst, med forkjøpsrett til søker.»

Trygve Holm (A) sette fram slikt tilleggsforslag til tilrådinga:

«Det vert gitt ein byggjefrist på 3 år for eigedomen. Ved brot på fristen kan kommunen overta eigedomen til noverdi av salspris.»

Ordføraren sette fram forslag om å votere over innkomne forslag samla. Voteringsmåten vart samrøystes vedtatt.

Forslaga frå Liv Kjersti Finholt (V) og Trygve Holm (A) vart samrøystes tilrådd.

F-020/14 Vedtak:

Kommunestyret kjem søknaden frå RS Motor & Marine i møte, og vedtar å selje omsøkt eigedom til førehandvis fastsett objektiv takst, med forkjøpsrett til søker. Det vert gitt ein byggjefrist på 3 år for eigedomen. Ved brot på fristen kan kommunen overta eigedomen til salspris justert for prisindeks.

Behandling i Kommunestyret 20.03.2014

Trygve Holm (A) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Sula kommunestyre vedtar å ikkje selje delar av gnr.99.bnr.144., gnr.104bnr.18., gnr.102bnr.4, ca2,2250m2. Ved eit eventuelt sal av tomte skal den leggst ut på den opne marknaden slik praksis er det ved sal av kommunal bygg/eigedomar.

Eit eventuelt sal av arealet skal sjåast i samanheng med kva planer ein har for gamle Langevåg Skule. Dette er enno ikkje avgjort. Sentrumsplan for Langevåg kan gi opning for ny bruk av arealet, og eit eventuelt sal bør avvente til ny plan er på plass. Tomta kan vere eit verdifullt reserveareal for framtidig sentrumsnær utbygging i kommunal regi.

Utifrå at kommunen ikkje har full oversikt over framtidige behov per dags dato vil Sula kommune Ikkje selje denne tomte no.»

Forslaget vart seinare trekt, og erstatta av forslag frå Arbeidarpartiet om innstillinga til rådmannen som vedtak.

Ved votering vart forslaget frå Arbeidarpartiet sett opp mot tilrådinga frå formannskapet. Tilrådinga frå formannskapet vart vedtatt med 23 mot 6 stemmer.

K-020/14 Vedtak:

Kommunestyret kjem søknaden frå RS Motor & Marine i møte, og vedtar å selje omsøkt eigedom til førehandsvis fastsett objektiv takst, med forkjøpsrett til søker. Det vert gitt ein byggjefrist på 3 år for eigedomen. Ved brot på fristen kan kommunen overta eigedomen til salspris justert for prisindeks.

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
21.01.2014	Kart-reguleringsplan	203387
21.01.2014	Kart-detaljert	203363
10.03.2014	A4 - Kart	201438
12.12.2013	Gnr 102 bnr 14 - Runar Sæthre - Kjøp av kommunal grunn	201437
14.02.2014	Takstvurdering.PDF	205275
10.03.2014	Djupdalen.pdf	207576
10.03.2014	Kontraktsutkast	207606

Bakgrunn for saka:

Søknad frå RS Motor & Marine v/Runar Sæthre om kjøp av kommunal grunn frå deler av gnr.99 bnr.144, gnr.104 bnr.18, gnr.102 bnr.21 og gnr.102 bnr.4, ca. 2.250 m² – sjå vedlagt brev med kart av 12.12.2013.

Saksopplysningar

Dette gjeld parkeringsplassen som vart bygd til Langevåg skule (Breidablikk) samt deler av kringliggande område – sjå vedlagde kart.

Vurdering:

Ved eit eventuelt sal av tomta bør denne leggest ut på den opne marknaden slik praksis er med andre kommunale bygg/eigedomar.

Eit eventuelt sal av arealet bør sjåast i samanheng med kva planer ein har for gamle Langevåg skule. Dette er enno ikkje avgjort.

Sentrumsplan for Langevåg kan gi opning for ny bruk av arealet, og eit eventuelt sal bør avvente til ny plan er på plass.

Bustadsosial handlingsplan er under rullering og tomta kan vere eit verdifullt reserveareal for framtidig sentrumsnær utbygging i kommunal regi.

Utifrå at kommunen ikkje har full oversikt over framtidige behov per dags dato vil administrasjonen ikkje rå til å selje tomta no.

Leon Aurdal
driftseiningsleiar



Alexander R. Ytterland

Nye opplysninger i saka

Administrasjonen har henta inn juridisk vurdering frå adv. Schjødt AS.
Rådmannen si innstilling står.

Nye dokumenter i saka 10.03.14;



- takst (Djupdalen.pdf)
- kontraktsutkast



21.01.2014
Målestokk 1:500
Sula kommune



Utsnitt av reguleringsplan
28.11.2013
Målestokk 1:1000
Sula kommune

Rs Motor & Marine
v/Runar Sæthre
Djupdalen 92

6030 Langevåg

Langevåg, 12. desember 2013

Sula kommune
v/Rådmannskontoret
Rådhuset

6030 Langevåg

SULA KOMMUNE	
11 DES 2013 JV	
Arkivsak - Dok.nr.	13/1604-1
Journalpost ID	13/17960

KJØP AV KOMMUNAL GRUNN

Som grunneiger av g.nr 102 og b.nr 14 i Djupdalen, ser jeg det nå tjenlig å søke Sula kommune om å få kjøpe tilgrensende kommunal grunn mot vest. Det omsøkte området er antatt å være på ca. 2.250m².


Sammen med min eiendom, vil da det samlede arealet være på: 928 m² + ca. 2.250m² = totalt ca. 3.200m².

Ettersom de trafikale forholda nå er avklart med både ny veg og fortau, vil det være tjenlig for alle parter å kunne sjå en heilhet i videreutvikling av dette området.

Håper med dette Sula kommune ser positivt på henvendelsen og de muligheter dette vil kunne ha for flere arbeidsplasser og en betydelig videreutvikling av området.

Ser frem til ett hurtig og positivt svar.

Vennlig hilsen
Rs Motor & Marine


Runar Sæthre - daglig leder

Vedlegg:

- kart med omtalt område avmerket med sort grense

NOTAT

Til: Sula kommune v/John Vågnes

Kopi:

Fra: Tone Hostvedt Aarthun

Saksansvarlig advokat: Jan Magne Juuhl-Langseth

Dato: 12. februar 2014

Dok.ref: 307399-001-3280622.1

KOMMUNAL EIENDOM – SALG OG FORKJØPSRETT

1. BAKGRUNN

- (1) Vi viser til korrespondanse med Jørn Sandnes den 11. februar 2014. Sula kommune planlegger salg av kommunale eiendommer og ønsker i den anledning vurdert hvorvidt det kan gis forkjøpsrett ved salg av eiendommene.
- (2) Vi har fått opplyst at kommunen vil selge to typer kommunale eiendommer til forskjellige kjøpere. Den ene eiendommen er en tomt som grunneieren av en tilgrensende eiendom ønsker å kjøpe for videreutvikling av forretningsdrift. Tomten er på ca. 2.250 m² og er regulert til boligformål. Den andre eiendommen er kommunale omsorgsboliger som kommunen vurderer å selge til dagens beboere. For begge salgene ønsker Sula kommune belyst om de aktuelle kjøperne kan gis forkjøpsrett til takst eller om eiendommene må legges ut for salg på det åpne markedet.
- (3) Ettersom det er ulike kjøpere til eiendommene og derfor også ulike regler som gjelder for salgene, vurderes de to tilfellene i det følgende separat.
- (4) Det bemerkes for øvrig at regelverket om offentlige anskaffelser ikke får anvendelse ettersom kommunen foretar et salg og ikke en anskaffelse. Vi bemerker for ordens skyld også at vi ikke vurderer forholdet til kommunale saksbehandlingsregler.

2. SALG AV OMSORGBOLIGER

- (5) I utgangspunktet har kommunen fri råderett over egne eiendommer. Imidlertid er det begrensninger som gjør at kommunens disposisjoner tidvis er underlagt regulering, også i forbindelse med salg av eiendommer.
- (6) Salg av kommunale omsorgsboliger til private personer er i utgangspunktet ikke underlagt noen spesiell regulering. Kommunen har dermed full anledning til å gi beboerne forkjøpsrett ved salg av omsorgsboligene. Det forutsettes at omsorgsboligene også etter salget skal benyttes til private boligformål.

- (7) Det tilføyes for ordens skyld at statsstøtteregelverket, som behandles nedenfor, ikke vil være relevant da salget foretas til privatpersoner og ikke til foretak.

3. SALG AV KOMMUNAL TOMT

3.1 Forbud mot offentlig støtte

- (8) Problemstillingen blir her annerledes enn ovenfor fordi salget skjer til et foretak. EØS-avtalen artikkel 61 (1) oppstiller et generelt forbud mot offentlig støtte som innebærer at enhver økonomisk fordel gitt via offentlige midler til et foretak som driver økonomisk aktivitet kan være ulovlig. Vi har forstått at grunneieren av den tilgrensende eiendommen skal bruke tomten til næringsvirksomhet. Statsstøtteregelverket kommer derfor i utgangspunktet til anvendelse ved salg av tomten.
- (9) Forbudet mot offentlig støtte medfører at et salg av kommunal eiendom til underpris vil kunne utgjøre ulovlig "statsstøtte". En kommune som selger fast eiendom må derfor sørge for at salget skjer til markedspris og at kommunen disponerer over eiendommen slik en privat investor i samme situasjon ville gjort. Utgangspunktet er dermed at dersom Sula kommune opptrer som en "rasjonell privat aktør", så foreligger det ikke ulovlig statsstøtte.
- (10) Et unntak fra dette finnes i ESAs retningslinjer om såkalt "bagatellmessig støtte", der det fremgår at støttebeløp opp til 200.000 euro over en tre-års periode ikke vil utgjøre ulovlig statsstøtte. Avhengig av verdien på tomten, kan dette unntaket få anvendelse på det forestående salget. For den videre vurderingen legges det imidlertid til grunn at dette unntaket ikke får anvendelse.
- (11) Avgjørende er dermed at kommunen disponerer over eiendommen slik en privat aktør normalt ville gjort. ("Privat investor testen".) For å sikre dette anbefales det at prinsippene i ESAs retningslinjer for salg av offentlig eiendom følges. Ved å rette seg etter fremgangsmåten i retningslinjene unngås det at salget inneholder elementer av statsstøtte som kan anses kritikkverdige eller ulovlige.

3.2 ESAs retningslinjer for salg av fast eiendom

- (12) EFTAs overvåkningsorgan, ESA, har utarbeidet retningslinjer for salg av fast eiendom. I henhold til retningslinjene kan et salg utføres enten ved en åpen budrunde eller etter en forutgående takst. I det foreliggende tilfellet er det sistnevnte alternativ som er aktuelt.
- (13) For at et salg utført etter en forutgående takst skal kunne foretas uten risiko for å komme i konflikt med statsstøttereglene, kreves det at markedsverdien av eiendommen fastsettes av en eller flere uavhengige takstmenn før salgsforhandlingene finner sted. Dette innebærer at Sula kommune ikke bør inngå konkrete forhandlinger med kjøper før takst faktisk er innhentet.
- (14) Verdsettingen av eiendommen skal utføres på grunnlag av allment aksepterte markedsindikatorer og verdsettingsstandarder. Dette betyr at taksten, som normalt, må fastsettes på bakgrunn av normal bransjestandard.
- (15) Retningslinjene oppstiller flere krav til takstmannens formelle og erfaringsmessige kompetanse (som er nokså *selvsagte* fra et norsk perspektiv) og krever at denne opptrer uavhengig av offentlige myndigheter. Kommunen kan med andre ord – naturlig nok – ikke ha instruksjonsmyndighet med hensyn til fastsetting av taksten. Takstmannens oppgave er å fastslå markedspris innenfor gjeldende reguleringsplan og generelle regler for øvrig.

Prisen som fastsettes er den minstepris om kan godkjennes uten at det antas å foreligge statsstøtte.

- (16) Det fremgår videre av retningslinjene at det med markedsverdi menes den pris som kan oppnås ved en privat avtale mellom en villig selger og en uavhengig kjøper på dagen for verdsettingen om eiendommen hadde vært lagt ut for salg i det ordinære markedet.
- (17) Skulle det vise seg at Sula Kommune ikke klarer å selge eiendommen til takst, følger det av retningslinjene at et avvik på opptil 5 % kan tolereres. Dette er imidlertid en unntaksbestemmelse, og med mindre det er gjort rimelige anstrengelser for å oppnå markedspris, kan en slik rabatt ikke gis.

4. **KONKLUSJON**

- (18) Sula kommune kan gi beboerne i de kommunale omsorgsboligene forkjøpsrett ved salg av boligene.
- (19) Sula kommune kan ved salg av kommunal eiendom/tomt gi en grunneier forkjøpsrett såfremt salget skjer etter en forutgående og objektiv takst, slik prosedyrene i ESAs retningslinjer foreskriver.

Verdivurdering tomt

Matrikkel: Gnr 99: Bnr 144 m.fl.
Kommune: 1531 SULA KOMMUNE
Adresse: Djupdalen , 6030 LANGEVÅG



Dato befaring: 03.03.2014
Utskriftsdato: 07.03.2014
Oppdrag nr: 1415

MARKEDSVERDI KR 1.600.000,-

Utført av autorisert medlemsforetak i NTF
Birkeland Glass & Takst AS
Breivikv 145, 6014 ÅLESUND
Telefon: 90 13 42 42

Sertifisert takstmann:
Roger Birkeland
Telefon: 901 34 242
E-post: roger@moretakst.no
Rolle: Uavhengig takstmann



NORGES
TAKSERINGS
FORBUND



<http://rapport.ntf.no?id=0074109521403070838001415>

Matrikkel: Gnr 99: Bnr 144 m.fl.
Kommune: 1531 SULA KOMMUNE
Adresse: Djupdalen , 6030 LANGEVÅG

Birkeland Glass & Takst AS
Breivikv 145, 6014 ÅLESUND
Telefon: 90 13 42 42



Forutsetninger

Dokumentet er bygget opp på basis av NTFs instruksjer og regelverk. Dokumentets innhold er skrevet i fritekst og alle kvalitets- og kontrollfunksjoner er ivare tatt gjennom takstmannens egne rutiner.

Egne forutsetninger

Området er idag regulert til konsentrert bebyggelse, rekkehus, atriumshus, etc.
Det opplyses om at eiendommen vil bli omregulert til næring/bolig og verdivurderingen er gjort med utgangspunkt i dette. Det legges til grunn at tomten blir utskilt og får et eget gnr/bnr.

Rapportdata

Rekvirent:	Sula Kommune
Takstmann:	Roger Birkeland
Befaring/tilstede:	Befaringsdato: 03.03.2014. - John Vågnes. - Roger Birkeland. Tlf. 901 34 242

Matrikkeldata

Matrikkel:	Kommune: 1531 SULA Gnr: 99 Bnr: 144
Eiet/festet:	Eiet
Areal:	2 250 m ² Arealkilde: Infoland
Hjemmelshaver:	Sula Kommune
Adresse:	Djupdalen 6030 LANGEVÅG
Kommentar:	Eiendommen består av flere gnr/bnr som skal slås sammen til et gnr/bnr. Arealet blir ca 2250 m ² .
Matrikkel:	Kommune: 1531 SULA Gnr: 102 Bnr: 4
Eiet/festet:	Eiet
Hjemmelshaver:	Sula Kommune
Matrikkel:	Kommune: 1531 SULA Gnr: 102 Bnr: 21
Eiet/festet:	Eiet
Hjemmelshaver:	Sula Kommune
Matrikkel:	Kommune: 1531 SULA Gnr: 104 Bnr: 18
Eiet/festet:	Eiet
Hjemmelshaver:	Sula Kommune

Kilder/vedlegg

Dokument/kilde	Dato	Kommentar	Status	Sider	Vedlagt
Reguleringsplaner					
Situasjonskart					
Eier					
Infoland.no					
Fotos					

Matrikkel: Gnr 99: Bnr 144 m.fl.
Kommune: 1531 SULA KOMMUNE
Adresse: Djupdalen , 6030 LANGEVÅG

Birkeland Glass & Takst AS
Breivikv 145, 6014 ÅLESUND
Telefon: 90 13 42 42



Eiendomsdata

Eiendommen består av flere gnr/bnr. Det opplyses om at det vil bli utskilt en tomt som får et eget gnr/bnr. Arealet på tomten blir ca 2250 m². Takstrappporten er utarbeidet med dette som grunnlag.

Arealer og anvendelse

Eiendommen er i all hovedsak flat og er delvis opparbeidet med grusdekke. Grunnen består for det meste av myrområde.

Eiendommen har tilkomst fra hovedvegen mot nord og ligger i et område med i all hovedsak boligbebyggelse. Noe næringsvirksomhet mot øst, kirke mot sør.

Eiendommen ligger like øst for Langevåg sentrum og har god tilkomst og gode sol og lysforhold. Den ligger langs vegen med gode muligheter for profilering av virksomhet.

Andre forhold

Eiendommen er idag regulert til konsentrert bebyggelse (rekkehus, atriumsboliger e.l). Det opplyses om at det skal søkes om omregulering av eiendommen til forretning/bolig og andre sentrumsformål.

Takstrappporten forutsetter at dette blir gjennomført og godkjent av kommunen.

Foresegnene i reguleringsplanen for området tilsier at områder regulert til næring/bolig kan bygges med inntil 2 etasjer og at det kan innredes til boliger i 2. etasje.

Takstmann har vurdert verdien på tomten utifra et bygg med næringsvirksomhet i 1. etasje og boliger i 2. etasje.

Vurdering

Ved vurdering av eiendommen så er det lagt til grunn en utnyttelsesgrad på 0,30. Konsentrert bebyggelse i området har en utnyttelsesgrad på mellom 0,15 og 0,25. Områder regulert til næringsvirksomhet har normalt en noe høyere utnyttelsesgrad. Foresegnene til reguleringsplanen i området tilsier at det kan føres opp bygg på 2 etasjer og at det kan legges til rette for boliger i 2. etasje. Takstmann har vurdert et bygg med næring-/forretningsvirksomhet i 1.-etasje og boliger i 2. etasje. Et slikt bygg vil normalt bli seksjonert der det vil være en seksjon for næringsdelen og egne seksjoner for boligdelen.

Ved beregning av tomteverdien så er det vurdert 3 forskjellige metoder; Næringsdelen er vurdert med Tomteprisbelastning og Anleggskostnad. Boligdelen er vurdert utifra antall boliger, byggekost og antatt salgspris.

Ved beregning av Tomteprisbelastning er det brukt en risikofri rente (10 år Statsobligasjon) på 3 % og en inflasjon på 2,5 % som er det samme som inflasjonsmålet til Norges Bank. Ved beregning av realavkastningskravet er det lagt til et risikopåslag på 5,70 % i forhold til rente, objekt, marked og kurans. Renterisikoen er vurdert til 1,60 % da situasjonen i finansmarkedet og europa gjør at renten vil holde seg forholdsvis lav ganske lenge fremover.

Objektrisikoen er satt til 1,5 % da et kombinert næring-/boligbygg i denne delen av Langevåg vil være en forholdsvis trygg investering i forhold til beliggenhet etc. Markedsrisikoen er også satt til 1,5 % da slike typer bygg vil være attraktive i markedet med tanke på at det er både næring og bolig i bygget og risikoen vil være fordelt på 2 markeder. Kurans er satt til 1,1 % da det vil være et nytt bygg som blir oppført på eiendommen og det vil ha lite behov for vedlikehold etc.

Anleggskostnad er vurdert utifra byggekostnad på et bygg som kan føres opp utifra reguleringsplaner og utnyttelsesgrad. Den tekniske verdien er satt til 8 % som er en normal sats i forhold til slike typer bygg.

Det gjøres oppmerksom på at verdien av eiendommen vil være noe høyere dersom gjeldene reguleringsplan og foresegner legges til grunn. En slik type eiendom som er regulert til konsentrert bebyggelse vil ha en noe høyere belastning på tomteprisen pr boenhet.

Matrikkel: Gnr 99: Bnr 144 m.fl.
Kommune: 1531 SULA KOMMUNE
Adresse: Djupdalen , 6030 LANGEVÅG

Birkeland Glass & Takst AS
Breivikv 145, 6014 ÅLESUND
Telefon: 90 13 42 42



Beregning		
Markedsverdi	<p>Eiendommen ligger like øst for Langevåg sentrum og ligger i et område med i all hovedsak boligbebyggelse men også noe næringsvirksomhet. Langevåg Kirke mot sør. Eiendommen har god tilkomst og tomten er tilnærmet flat.</p> <p>Tomten ligger langs hovedvegen og har en attraktiv beliggenhet med tanke på tilkomst, profilering og synliggjøring av virksomhet og gode parkeringsmuligheter. I forhold til boliger så vil beliggenheten langs vegen trekke verdien noe ned mens nærhet til sentrum, skoler, idrettsanlegg etc vil være en positiv faktor.</p> <p>Utifra en totalvurdering av eiendommene, beliggenhet og arealutnyttelse anslås verdien av tomten til å være kr. 1.600.000,-</p> <p>Det gjøres oppmerksom på at dersom gjeldene reguleringsplan legges til grunn for verddivurderingen så vil verdien på tomten være noe høyere.</p>	1 600 000

ÅLESUND, 07.03.2014

Roger Birkeland

Roger Birkeland
Telefon: 901 34 242

Beregning av verdi, næringsdel

Areal, m ² :	2250
Regulering, etasjer:	2
Utnyttelsesgrad:	0,3
BYA:	1350
Næring/forretning, areal	675
Bolig, areal	675

Avkastningskrav

Statsobligasjon:	%	3,00 %
Inflasjon:	%	-2,50 %
Realrente:	%	0,50 %
Renterisiko:	%	1,60 %
Objektrisiko:	%	1,50 %
Markedsrisiko:	%	1,50 %
Kurans:	%	1,10 %
<u>Avkastningskrav:</u>	%	<u>6,20 %</u>

Tomteprisbelastning

Snitt markedsleie:		kr 1 250,00
Eiers driftskostnad:		kr 100,00
Netto leieinntekt:		kr 1 150,00
<u>Realavkastningskrav:</u>	<u>6,20 %</u>	<u>kr 18 548,39</u>
Byggekostnad inkl finans, gebyr, etc		kr 17 250,00
Overskudd		kr 1 298,39
Risiko utbygger:	20,00 %	kr 259,68
Netto overskudd:		kr 1 038,71

Verdi, næringstomt (netto*BYA) **kr 701 129,03**

Anleggskostnad

Byggekostnad:		kr 17 250,00
BYA, m ² :	675	kr 11 643 750,00
Andel teknisk verdi:	8,00 %	kr 931 500,00

Verdi, næringstomt: **kr 931 500,00**

Skjønnsmessig ansettelse av verdi utifra beregninger:

kr 800 000,00

Beregning av verdi, boligdel

Areal	2250	
Regulering, etasjer	2	
Utnyttelsegrad	0,3	
Tillatt BYA	1350	
Bolig, areal, m ²	675	
Næring, areal, m ²	675	
BRA pr bolig	70	
Yttervegger	10	
Uteareal	10	
Garasje/bod	22	
Totalt BTA	112	
BTA pr bolig	112	
Antall boliger	6	
Antatt snittpris ved salg pr m ² BRA	kr	29 500,00
Pris pr bolig	kr	2 065 000,00
Byggekost pr m ²	kr	25 240,00
Samlet salgssum	kr	12 445 312,50
Samlet byggekost	kr	-10 648 125,00
Prosjektering, byggeledelse, tekn anlegg etc (7,5%)	kr	-798 609,38
Tomteverdi i prosjekt	kr	998 578,13
Risiko fratrekk	20,00 % kr	-199 715,63
<u>Markedsverdi tomt</u>	<u>kr</u>	<u>798 862,50</u>

Skjønnsmessig ansettelse av verdi utifra ovenstående beregninger:

kr 800 000,00



Kjøpekontrakt

Kjøpar : RS Motor & Marine v/ Runar Sæthre,
Djupdalen 92,
6030 Langevåg

Seljar/eigar: Sula Kommune

Kontrakten gjeld :

Sal av kommunal eigedom, areal ca. 2250 m² frå gnr.99 bnr.144, gnr.102 bnr.4, gnr.102 bnr.21 og gnr.104 bnr.18 i Sula kommune - jf.søknad frå RS Motor & Marine dagsett 12.12.2013.

Erstatning

Det skal betalast vederlag i henhold til førehandsvis fastsett objektiv takst. Pris for eigedomen er i henhold til takst sett til kr. 1.600.000,- (jf. vedlagt takst frå Roger Birkeland).

Krav om innbetaling vert tilsendt kjøpar når frådeling og oppmåling av eigedomen er gjennomført.

Spesielle kontraktsvilkår

Det er ein føresetnad for sal av eigedomen at den vert nytta til vidareutvikling av forretningsdrift i området slik som oppgitt i søknad frå kjøper.

Det er gitt ein byggjefrist på 3 år frå overtaking av eigedomen. Ved brot på fristen kan Sula kommune overta eigedomen til salspris justert for prisindeks.

Kjøpar må bere kostnadane i samband med ei omregulering av eigedomen dersom dette vert krevd.

Generelle kontraktsvilkår

Kjøper får rett til å ta eigedomen i bruk når kontrakten er underskriven av begge partane og skøyte er tinglyst. Kontrakten vert registrert i matrikkelen (jf.matrikkellova §22).

Kjøper tek på seg alle kostnader i samband med takst, frådeling og oppmåling av eigedomen samt kostnader i samband med tinglysing av skøyte.

Kjøper er ansvarleg for at skøyte ev. saman med eigenfråsegn om konsesjonsfridom vert tinglyst.

Skøyte vert tilsendt når oppgjer for eigedomen er motteke.

Underskrifter

Kjøper aksepterer ovanfor nemnde vilkår med underskrift på denne kontrakten. Kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Langevåg, den

For Sula Kommune

Geir Ove Vegsund
Ordførar

Kjøpers underskrift:

Runar Sæthre



Kirkekrysset Eiendom AS
v/ daglig leder Per Olav Moldvær
Hølevegen 13
6030 LANGEVÅG

Vår ref.:
15/1283

Saksbeh.:
JV

Ark.:
K1 - 611, K3 - &50,
GBNR - 99/144,
GBNR - 102/4, GBNR
- 102/21, GBNR -
104/18

Dyklar ref.:

Dato:
27.01.2015

GNR 104 BNR 31 - SAL AV KOMMUNAL TOMT I DJUPDALEN OG KONTRAKTSVILKÅR

Vi viser til inngått kontrakt mellom Sula kommune og Kirkekrysset Eignedom AS v/ Runar Sæthre om sal av kommunal tomt med gnr 104 bnr 31 i Djupdalen (sjå vedlagt kopi av kjøpekontrakt).

Av kontraktens 3. avsnitt under Spesielle kontraktsvilkår framgår følgjande :

«Det er ein føresetnad for sal av eigedomen at den vert nytta til vidareutvikling av forretningsdrift i området slik som oppgitt i søknad frå kjøpar. Det er gitt ein byggefrist på 3 år frå overtaking av eigedomen. Ved brot på fristen kan Sula kommune overta eigedomen til salspris justert for prisindeks.»

Vi er informert om at RS Motor & Marine har kjøpt Nordstrikkbygget på Fiskarstranda, og har planar om å flytte forretningsdrifta dit. Vi ber difor om ei stadfesting på at planar for vidareutvikling av forretningsdriften i området i Djupdalen slik som beskrive i vilkårene for sal av tomte ikkje er endra.

Med helsing

Terje Havnegjerde
Driftseiningsleiar

John Vågnes
Saksbehandlar


Tittel	Dok.ID
Kjøpekontrakt i underskriven stand frå begge partar	212508

Adresse: Postboks 280 6039 LANGEVÅG	Telefon: Sentralbord: 70 19 91 00 Saksbeh: 70 19 91 01 Telefaks:	E-post: postmottak@sula.kommune.no Web: www.sula.kommune.no	Bankgiro: 8647 10 92152 Skattekonto: 6345 06 15317	Foretaksnr.: 964 980 543
--	---	--	---	-----------------------------



Kjøpekontrakt

Kjøpar : Kirkekrysset Eiendom AS
Djupdalen 92,
6030 Langevåg

 SULA KOMMUNEJV
29 APR 2014
Arkivsak - Dok.Nr. 13/1604 -21
Journalføst ID 14/6972

Seljar/eigar: Sula Kommune

Kontrakten gjeld :

Sal av kommunal eigedom, areal ca. 2250 m² frå gnr.99 bnr.144, gnr.102 bnr.4, gnr.102 bnr.21 og gnr.104 bnr.18 i Sula kommune - jf.søknad frå RS Motor & Marine v/Runar Sæthre dagsett 12.12.2013.

Erstatning

Det skal betalast vederlag i henhold til førehandsvis fastsett objektiv takst. Pris for eigedomen er i henhold til takst sett til kr. 1.600.000,- (jf. takst/verdivurdering 07.03.2014 frå Roger Birkeland).

Krav om innbetaling vert tilsendt kjøpar når frådeling og oppmåling av eigedomen er gjennomført.

Spesielle kontraktsvilkår

Det er ein føresetnad for sal av eigedomen at den vert nytta til vidareutvikling av forretningsdrift i området slik som oppgitt i søknad frå kjøpar.

Det er gitt ein byggjefrist på 3 år frå overtaking av eigedomen. Ved brot på fristen kan Sula kommune overta eigedomen til salspris justert for prisindeks.

Kjøpar må bere kostnadane i samband med ei omregulering av eigedomen dersom dette vert krevd.

Generelle kontraktsvilkår

Kjøpar får rett til å ta eigedomen i bruk når kontrakten er underskriven av begge partane og skøyte er tinglyst. Kontrakten vert registrert i matrikkelen (jf.matrikkellova §22).

Kjøper tek på seg alle kostnader i samband med takst, frådeling og oppmåling av eigedomen samt kostnader i samband med tinglysing av skøyte.

Kjøper er ansvarleg for at skøyte ev. saman med eigenfråsegn om konsesjonsfridom vert tinglyst.

Skøyte vert tilsendt når oppgjer for eigedomen er motteke.

Underskrifter

Kjøper aksepterer ovanfor nemnde vilkår med underskrift på denne kontrakten. Kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Langevåg, den 29. 04. 14


For Sula Kommune


Geir Ove Vægsund
Ordfører



Langevåg, den 28/4-2014

Kjøpers underskrift:


for Kirkekryset Eiendom AS
Runar Sæthre

Kirkekrysset Eiendom as
V/Per Olav Moldvær
Boks 170

6039 Langevåg

Langevåg, 12. februar 2015

Sula Kommune
v/Driftseiningssleiar Terje Havnegjerde
Rådhuset

6030 Langevåg

Salg av kommunal tomt i Djupdalen

Viser til mottatt skriv av 27.01.då vedrørende salg av kommunal tomt 104/31 i Djupdalen, til Kirkekrysset Eiendom as ved Eneier RS Motor&Marine/Runar Sæthre i tråd med kontrakt datert 29.04.2014 og tomt tinglyst den 23.09.2014.

I nov./desember 2014 valgte RS Motor&Marine å ta del i budrunden i forbindelse med et tvangssalg av "Nordstrikk" på Fiskarstranda i regi av Tingretten.

Dette skyldes flere årsaker:

- ✓ et snarlig og påkrevd behov for større plass/flere plasskrevende produkt og utvalg
- ✓ økt konkurranse om kunder, samt agenturer og produkt
- ✓ krav/ønske fra leverandører om økt profilering og utstilling
- ✓ en snarlig forbedring av arbeidsvilkår og kundemottak

Kort og Greitt:

En hurtig og egnet mulighet og hvor egeninnsats også vil kunne gi store innsparinger.
- eiendommen ble overtatt den 22. desember 2014.

Hvordan?

Gjennom kontakt, ble det gjort avtale med Moldvær Holding as v/Per Olav Moldvær som kjøpte aksjene i Kirkekrysset Eiendom as. I tillegg ble det gjort avtale om kjøp av min eiendom 102/14, overtatt/tinglyst den 12.01.då, som dermed også frigjorde midler til kjøp av Nordstrikk.

RS Motor&Marine v/Runar Sæthre

Vil takke Sula kommune for sin positive behandling og håper at "skjebnens ironi" med Nyetablering på Fiskerstranda vil bli godt mottatt! Er fortsatt godt forankret i kommunen og om muligheten skulle være til stede med nytt og egnet bygg i Djupdalen, er jeg sikkert velkommen tilbake!

Moldvær Holding as v/Per Olav Moldvær


I tråd med avtalen mellom Kirkekrysset Eiendom as og Sula kommune, jobbes det med utvikling av eiendommen og med bl.a følgende utfordringer:
- 3års byggefrist burde gjelde fra Ny godkjent plan for Langevåg Sentrum foreligger.

Ser frem til ett godt samarbeid og med nye og mange muligheter for Sula.

RS Motor&Marine v/Runar Sæthre



Moldvær Holding as v/Per Olav Moldvær



**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 27.04.2015

**SAK 11/15
OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM BYGGESAKER**

Det blir vist til vedtak i sak 05/15 der kontrollutvalet ba om ei tilbakemelding på iverksetting av tiltak relatert til forvaltningsrevisjonsrapport om byggesaker slik som går fram av kommunestyresak 041/14.

Rådmannen blir kontakta med tanke på ei orientering i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar